



Ståle, Knut og Lars. Godt utstyrt og klar til innsats

**Laurdag førmiddag samlast den faste pyntegjengen for å gjera den staselege julegrana vår klar til tenning førstkommande fredag. Som så mange år tidlegare var det Knut Stensletten, Lars Myklebust og Ståle Eik som gjorde jobben, men dette året hadde fjerdemann i den faste staben Gunnvald Friheim ikkje høve til å vera med.**

Veret gjorde det i år mogeleg å pynta til planlagt tid. Det var duskregn og litt kaldt, men viktigast av alt; det var vidstille. Dette kjem vel med, for dei siste åra har veret vore lunefullt. Fleire av pyntarane har måtta ta seg fri frå jobben, for å få unnagjort pyntinga i periodar når veret har tillate det.

Etter at Lars og Knut hadde kontrollert og klargjort lyslenkjene tidlegare i veka, gjekk sjølve pyntinga raskt og problemfritt. Lars utgjorde bakkemannskap medan dei to andre klatra til topps. Den rutinerde pyntegjengen plasserte dei 7 lyslenkjene med presisjon, og ved prøvetenning lyste grana like vakkert som den alltid har gjort.

Tenninga skjer kl.17 førstkommande fredag i samband med julemarknaden som Aktivitetshuset Damevenner arrangerer. Damene er og godt i rute med førebuingane så fredag er det duka for god førjulsstemning i Uskedalen.

Av: Thor Inge Døssland



Lars var bakkemannskap med dei to andre er usynlege: heilt i toppen.